

# Bruk Stemmeretten din 14. september



Skal demokratiet fungere  
må du bruke stemmeretten  
din.

Slik røystar du i Stranda:  
Storfjord Kulturhus:  
09.00 - 20.00

Ungdomshuset i Liabygda:  
12.00 - 18.00

Sunnylven Samfunnshus:  
09.00 - 18.00

Geiranger Skule:  
09.00 - 15.00

Er du forhindra frå å  
røyste på valldagen kan  
du førehandsrøyste frå 10.  
august.

Førehandsrøysting er  
m.a. tilgjengeleg på  
Servicekontoret på  
Stranda. Lokale for  
førehandsrøysting i dei  
andre krinsane vert  
kunngjort i lokalpressa  
og på kommunen sine  
heimesider.

- ✓ Kven kan røyste  
ved lokalval.
- ✓ Norske  
statsborgarar som  
fyller 18 år innan  
utgangen av 2015.
- ✓ Nordiske borgarar  
som fyller 18 år  
innan utgangen  
av 2015 og som  
har vore registrert  
busett i Noreg  
sidan 30.juni 2015.
- ✓ Andre utanlandske  
statsborgarar  
som har fylt 18 år  
innan utgangen  
av 2015 og som  
har vore registrert  
busett i Noreg  
samanhengane i 3  
år før valldagen.
- ✓ For å kunne  
stemme må du  
vere oppført i  
valmanntalet.

## Stranda Venstre sine kandidatar

### 1. Trond Otto Berg (f. 1970)

Rektor, Stranda Kulturskule, Stranda.

Vil særleg arbeide for integrering, skule og utdanning. Stranda treng fleire "unge vaksne" med energi, tiltakslyst og vilje til å drive bygdene våre vidare. Stranda treng fleire kompetansearbeidsplassar for nyutdanna som ynskjer å flytte heim. Stranda har eit stort potensiale og kan verte ei føregangskommune innan ny miljøteknologi og "grøn vekst". Trond Otto lang erfaring på alle nivå i organisasjonar og politisk arbeid, men er ny i kommunepolitikken.



### 2. Amalie Ringdal Birkhol (f. 1997)

Student, Stranda

Amalie har tidlegare site som leiar av ungdomsrådet i Stranda. Ho vil arbeide for gode tenester for folk i alle aldrar, gode og trygge oppvekstvilkår, natur og miljøvern. Ho ynskjer at ungdommen i Stranda skal få ei eiga stemme i politikken. Har budd eit år i Australia og kjem heim med mange nye impulsar og erfaringar.



### 3. Oda Kristine Stadheim Myklebust. (f. 1993) Student, Stranda.

Har bakgrunn og erfaring frå studentpolitikk. Er opptatt av skule og utdanning, "grøn vekst" og trygge helsetenester. Vil arbeide for ei god integrering av innvandrarar og ynskjer at Stranda skal verte eit samfunn der alle føler seg velkomne. Vi må bygge framtida til Stranda saman - uavhengig av nasjonalitet, kultur og etnisk bakgrunn.



#### 4. Solveig Årdal (f. 1997), Stranda

#### 5. Vebjørn Varddal (f. 1943), Geiranger

#### 6. Svein Kvaløy jr. (f. 1955), Stranda

#### 7. Terje Langlo (f. 1967), Stranda

#### 8. Velaug Vassbotn (f. 1947), Stranda

Les meir om Stranda Venstre sin politikk og våre  
kandidatar på nettsidene våre.

[venstre.no/stranda](http://venstre.no/stranda)


Følg Stranda Venstre på Facebook  
[facebook.com/StrandaVenstre](https://facebook.com/StrandaVenstre)



VENSTRE

## Stranda Venstre

Program og presentasjon av  
kandidatane ved valet 2015



Folk først

VENSTRE  
Folk først.



# Dette vil Stranda Venstre gjere

## Skule og oppvekst.

Ein god skule er den største og viktigaste gåva ei kommune kan gje til den komande generasjonen. Gode lærarar og gode skuleleiarar er saman med gode skulebygg dei viktigaste garantistane for ein god skule.

- ✓ **Venstre vil** behalde dagens skule og barnehagestruktur og syte for at skulen får dei ressursane dei treng for at alle elevane skal vere sikra eit godt opplærings- og oppveksttilbod.
- ✓ **Venstre vil** kvalitetssikre SFO som opplærings- og fritidsarena.
- ✓ **Venstre vil** innføre "lærlingegaranti" i kommunale verksemder og einingar, og arbeide for å auke talet på lærlingepllassar private bedrifter.
- ✓ **Venstre vil** gjennomføre 2 opptak i barnehagane og innføre gratis kjærnetid for dei som treng det mest.
- ✓ **Venstre vil** etablere attraktive ordningar for tilsette i skule og barnehagar som tek etter og vidareutdanning.



## Barn og Unge

Barn og unge er framtida til kommunen. Vi har tru på at ungdommen sjølv kan vere med på å utvikle gode tenester og tilbod tilpassa barn og unge.

- ✓ **Venstre vil** styrke og vidareutvikle Ungdomsrådet gjennom formelt å overføre ansvar og fullmakter der dette er naturleg.
- ✓ **Venstre vil** innføre ordninga med "heim for ein 50-lapp" for ungdom i Stranda.

- ✓ **Venstre vil** legge til rette for at unge som ynskjer å etablere seg i Stranda finn gode bustader som er tilpassa ein "ung" økonomi.

## Næringsliv

Eit aktivt og attraktivt næringsliv er den viktigaste faktoren for utvikling, sysselsetting og busetning.

- ✓ **Venstre vil** føre ein aktiv næringspolitikk og arbeide for at nye bedrifter og bransjar etablerer seg i Stranda og legge tilhøva betre til rette for dei som allereie er her. Vi ynskjer fleire kompetansearbeidsplassar i kommunen.
- ✓ **Venstre vil** arbeide for at kommunen får fleire kompetansearbeidsplassar.
- ✓ **Venstre vil** arbeide for auka satsing på berekraftig turisme og tilrettelegging av natur, kultur og attraksjonar i heile kommunen.

## Grøn vekst

Verdsarvstatusen gir oss eit godt utgangspunkt for at Stranda kan verte ei føregangskommune i det daglege miljørbeidet. Stranda kommune kan verte ein spydspiss for "grøn vekst" og bør ha som mål at alle nye prosjekt, både kommunale og private, er med på å gjøre kommunen og naturen reinare.



- ✓ **Venstre vil** at Stranda Kommune skal utarbeide ein heilskapleg "miljøplakat" og på den måten gjøre det lettare for verksemder, tilsette, brukarar og innbyggjarar å ta grøne val i kvardedagen.
- ✓ **Venstre vil** innføre stimuleringstiltak for bedrifter og husstandar som gjennomfører grøne val og tiltak.
- ✓ **Venstre vil** stimulere til aktiv bruk av både kulturlandskap og natur i næring og turisme
- ✓ **Venstre vil** at Stranda kommune alltid skal velje "grøne" alternativ når varer og tenester skal kjøpast inn.
- ✓ **Venstre vil** at Kommunen skal kjøpe miljøvennlege bilar/el-bilar når eksisterande køyretøy skal fornyast..

## Helse og tryggleik

Gode helsetenester skaper tryggleik og trivsel. Stranda Kommune er ei kommune med store kommunikasjonsutfordringar og store sesongsvingingar i delar av kommunen.

- ✓ **Venstre vil** ha legar på vakt kvar dag, heile året i Stranda
- ✓ **Venstre vil** at alle innbyggjarar i Stranda skal ha tilnærma lik tilgang til helsetenster og ambulanstenster – uavhengig av alder og adresse.
- ✓ **Venstre vil** styrke det førebyggjande helsearbeidet gjennom ei satsing på helsestertetenestene, helsestasjon for ungdom, jordmortenesta og kommunen sitt arbeid med allmenn og

førebyggjande folkehelse.

- ✓ **Venstre vil** etablere eit lågterskel samtale/psykologtilbod for ungdom.

## Arbeidsinnvandring og flyktingar

Stranda kommune og bedriftene i kommunen er avhengige av eit betydeleg tal på arbeidsinnvandrarar også i åra som kjem. Det vert ei stor utfordring å etablere og dimensjonere tenester som er tilpassa ei multikulturell befolkning. Vi trur at god språkopplæring er det enkelttiltaket som har størst effekt for integrering og kulturell forståing.



- ✓ **Venstre vil** at Stranda tek sin del av ansvaret med å busette flyktingar, men føreset at staten tek rekninga.
- ✓ **Venstre vil** gje alle innvandrarar god og tilrettelagt språkopplæring på nynorsk. Høgt utdanna innvandrarar må kunne få opplæring i norsk på høgare nivå lokalt i kommunen slik at dei i større grad kan nyttiggjere seg kompetansen dei har.
- ✓ **Venstre vil** at alle som flyttar til Stranda skal ynskja personleg velkommne og få informasjon om tilbod og tenester frå kommunen og private.
- ✓ **Venstre vil** etablere attraktive ordningar for utanlandske arbeidstakrar som er tilsett i kommunen og som ynskjer å få godkjent høgare utdanning frå heimlandet.

## Kultur og oppvekst

Kulturen er limet som bind folk og bygde saman. Dagleglivet i dag vert kulturarven i morgen. Stranda Venstre vil stimulere til et godt og variert kulturredttsliv.



- ✓ **Venstre vil** vidareutvikle og sikre kulturskulen som eit lokalt kompetansesenter innan kulturfaga, til beste for alle innbyggjarar uavhengig av alder og bustadadresse.

- ✓ **Venstre vil** puste liv i det "gamle Rådhuset" i Stranda og gjøre dette om til ein sentral for frivilleg arbeid, lag, organisasjoner og variert kulturarbeid.

- ✓ **Venstre vil** arbeide for auka samarbeid, økonomisk og administrativ støtte til lag og organisasjoner i kommunen gjennom å opprette ei stilling som "søknadskoordinator"